

## US 79/09 Byggjeverksemd og campusutvikling

(ePhortesak 2009/3124)

Vedlagde sak gjeld universitetet si vidare utvikling når det gjeld fysisk infrastruktur. Saken lister opp naudsynte tiltak for å sikra god kvalitet og omfang på areal i åra som kjem. Den langsiktige utviklinga vert omtalt i vedlagde utviklingsplan.

Nokre tiltak er alt formelt på plass, som nytt Studenthus, nytt SV-bygg og utvida areal til biokjemi-miljøet. Dette vert realisert i perioden fram til 010811.

Andre tiltak er førebudde, i samsvar med utviklingsplanane, forventta vekst og i forståing med offentlege myndigheiter. Det gjeld i første omgang påbygg på Arkeologisk Museum, utviding i Bjergsted og leige av areal i Oljedirektorat-bygget i tida fram mot 2015.

Universitetsdirektøren har det syn at UiS i så stor grad som råd må gjennomføra ovannemnde prosjekt, men at det er viktig å sjå det i samanheng med økonomien. Universitetsdirektøren syner til oversikten i saken det husleige vert vurdert som del av totalramme. Den syner at sjølv med 3% dårlegare vekst i dei neste 5 åra i høve til dei førre 5 åra, vil husleige- delen av totalramma relativt sett ikkje veksa.

Universitetsdirektøren meiner dette er handterbart, og ønskjer å halda fram med planarbeidet i samsvar med dette, men vil koma til styret med kvart einskild prosjekt før ein pliktar verksemda.

Saken vil, saman med vedlagde utviklingsplan, verte sendt Universitetsfondet, som og har eit formalansvar for total arealutvikling.

### Framlegg til vedtak

- 1) Styret tek til etterretning den reviderte utviklingsplanen for universitetet.
- 2) Styret sluttar seg til planane for arealutvikling fram til 2015, men vil ha einskildsakene lagt fram for styret etter kvart.

Stavanger, 9. september 2009

Per Ramvi  
*universitetsdirektør*

## US 79/09 Byggjeverksemd og campusutvikling

### Utgreiing.

#### 1) Overordna Planverk

Universitetet i Stavanger veks jamt, og i samsvar med det må det og utviklast og gjennomførast planar for arealutviding. Universitetet har ei eiga utviklingsplan for dette arbeidet. Den vart skriven i 2005, men må no reviderast noko, grunna endra føresetnader. Alle den opphavlege planen sine hovudliner står fast, men planen må strekkjast over lengre tid, og den må oppdaterast i høve til ny strategiplan, vedteken i juni i 2008.

Utviklingsplanen frå 2005 legg opp til at universitetet skal utviklast langs to aust-vest-hovudakser på Ullandhaug Nord, medan randsoneverksemda skal utviklast på Ullandhaug Sør, langs ei nord-sør-hovudakse. Langs vegen som bitt dei to områda saman, i planverket omtala som "Diagonalen", er det og lagt opp til fortetting i samvirke med Oljedirektoratet og NRK sitt distriktskontor som og ligg der. Det er og lagt opp til at utvikling av ikkje-faglege støttefunksjonar skal byggjast ut i hovudsak sørvest for campusområdet. Alt dette står fast.

Når det gjeld endringar i føresetnadane frå 2005 til 2009, er det følgjande:

- 1) Forventa auke i tal studentar er redusert monaleg, men studentpopulasjonen er monaleg endra med større vekt på høgare grad
- 2) Forventa tal tilsette er auka frå førre plan. Dette kjem dels av innlemming av Arkeologisk museum, og dels av auka tal stipendiatar.
- 3) Auka vekt på internasjonalisering
- 4) Endra politikk i høve til bygging av studentboligar
- 5) Tettare kontakt med randsonen
- 6) Arealtrong hjå Arkeologisk museum og hjå verksemda i Bjergsted.

Kommentar til dei einskilde punkta:

- 1) Det var tidlegare venta ei effektivisering av organiseringa av høgare utdanning. Det syner seg no at staten heller vil effektivisera gjennom sterkare samvirke og arbeidsdeling mellom verksemdar i sektoren. Dette gjev lite høve til vekst og strukturendring for den einskilde utdanningsinstitusjon, og vi må grunna vekstprognosane på utviklinga slik ho har vore dei siste åra, utviklinga i demografi og eigen strategi om vekst i internasjonalisering. Dette endrar ikkje vår plan, men tilseier at den ikkje vert realisert så fort som tenkt.
- 2) Sterk satsing på forskning har gjeve fleire forskarar og stipendiatar. Meir komplekse strukturar krev eit styrka støtteapparat. Meir inntening ut over statsløyvinga gjev fleire prosjektmedarbeidarar. Alt dette gjev trong for laboratorium og kontor, samt gjennomgangsbustadar.
- 3) Internasjonalisering er eit prioritert mål i sektoren. Det gjev fleire studentar, gode samvirkeavtalar og større breidd i tilbodet. UiS har satsa her, og lukkast bra gjennom engelskspråklege studium og meir studentutveksling med utanlandske universitet. Men dette krev mykje fleire studenthyblar, sidan mange av utlendingane er avhengige av å få hybel før dei kjem, og fordi mange av dei vanskeleg finn hyblar lokalt.
- 4) Planen vår legg opp til studentboligutbygging sørvest for universitetet. Dette vil vi gjennomføra etter kvart, men i tillegg vil vi fortetta sjølve universitetsområdet med slike bustadar. Dette gjer me av di dei økonomiske rammene frå staten førebels er for stramme til å byggja ut nye felt, me må halda oss til område med eksisterande infrastruktur og gratis tomt.
- 5) Der det er tenleg vil vi fråvika fortettingsønsket i planen for å skapa betre samvirke. Vi har til dømes leigd areal i Måltidets hus for å samla mikrobiologimiljøa våre på ein stad, og tett inntil andre med same fagfelt.
- 6) Universitetet må engasjera seg meir i sentrum, fordi vi har innlemma Arkeologisk museum, som har stor arealtrong, og fordi vi er del av Bjergstedutviklinga rundt det nye konserthuset.

#### 2) Byggjeverksemd fram til 2015

Som det går fram av planen, er den forventa veksten fram mot 2015 monaleg redusert i høve til planane frå 2005. Dette skuldast fleire faktorar. For det første er veksten fram til 2009 mindre enn venta når det gjeld tilfang av studentar. For det andre er signala frå sentralt hald i høve til forventa vekst ganske tydelege på at det ikkje vert satsa på stor vekst framover, men på omstilling, effektivisering og samvirke.

Men UiS må uansett ha ein viss vekst fordi overgangen til universitet skaper forventning om og trong for lengre utdanningslaup og markant auke i omfang i forskingsverksemda. I tillegg har Arkeologisk museum endra status til universitetsmuseum, noko som krev andre rammevilkår enn tidlegare.

Når det gjeld areal, er UiS på etterskot i dag. Dette merker me dagstøtt, det er ikkje nok kontor, det er for få laboratorium, skorten på arbeidsplassar for studentar er prekær, og det er trong for reevaluering av inndeling av undervisningsrom. Dette etterskotet vert monaleg redusert når det nye SV-bygget kjem på plass sumaren 2011, men det er ikkje nok.

I arbeidet med å utvikla fysisk infrastruktur er det tre innfallsvinklar, for det første kva trong vi har, for det andre, kva økonomisk evne vi har til å løyse oppgåvene, og for det tredje, kva moglege løysingar vi har.

Det er fullt mogleg å detaljera trongen gjennom romprogram og spesifiserte laboratorieoversikter, men i denne samanhengen er det nok for skuld oversikt enklare å halda seg til gjennomsnittstal, som syner at vår trong ut frå vekst i studenttal er på om lag 28.000 kvm, eventuelt at vår trong ut frå vekst i tal tilsette er om lag 22.000 kvm (Det kan tykkjast rart at trongen knytt til studentar er større enn trongen knytt til tilsette. Årsaka ligg i innlemminga av AM, som gjev mykje areal, men ikkje til studentverksemd). Det kan argumenterast for at talet kan reduserast noko gjennom effektivisering. Vi har nemleg i dei siste åra hatt aktivitetsvekst utan tilsvarande arealutviding. Men det ser ut til at vi har nådd tolegrensa for dette.

På den andre sida har vi utfordringa med å verta universitet, som aukar arealtrongen monaleg. For å ta att UiO i areal pr student burde vi hatt 50.000 kvm. I våre planar har vi førebels lagt opp til ein vekst på 19.000 kvm i perioden. Dette grunnar seg på ei minimumsløysing som vi reknar med kan gjera det mogleg å løyse oppgåvene våre, men vi er framleis på etterskot sjølv om vi reknar etter ein høgskulenorm.

Vår økonomiske evne til å ta slike løft er avgrensa. Tidlegare vart all slik arealvekst godkjend av departementet, og deretter finansiert av departementet med. I dag må veksten i stor grad finansierast av verksemda sjølv, fordi veksten er resultat av eigne prioriteringar og strategiske val. Dette fører til at vekst i areal auker prosentvis del av totalramma som går til bygg, så lenge staten held att på basisløyvinga. Rekna i 2009-tal auker kostnaden med 63 mill, men tek departementet unna kostnaden knytt til museet, er vi nede på om lag 40 mill knytt til vår verksemd.

Når det gjeld moglege løysingar, så har vi først det som alt er vedteke, nemleg nytt bygg til SV-fakultetet, ferdigstilt sumaren 2011, nytt studenthus, ferdigstilt samstundes og nye areal for biokjemi ( Senter for organelle-forskning) der det vert innflytting i årsskiftet 2009/10. Deretter har vi

- Kulturskulen i Bjergsted, 1012, 1200 kvm
- Påbygg på AM 2012-15, 5000 kvm
- Fristilte areal i OD-bygget, 2012, 7500 kvm
- Påbygg Hulda Garborg, 2015-17, 1500 kvm
- Nytt lab-bygg 2012-20, i fleire etappar, 4 seksjonar, kvar på 1500 kvm
- Vidare utbygging av mellombels hybelbygg for internasjonale studentar 2010-15, uviss storleik
- Nytt bygg søraust for Kjell Arholms hus 2016-2020, 10.000 kvm

Alle desse bygga høver i vår strategi, og dei høver og med utviklingsplanane for UiS. Tidsplanen må innpassast i vår økonomi, og vår faktiske vekst. Det kan og vere at endringar og tilpassingar må gjerast for å løyse akutte oppgåver ( som til dømes den markante veksten innan biokjemi ), og at einskilde prosjekt må utsetjast om vekst og endring ikkje vert heilt etter det me legg opp til.

Sjå vedlegg med bilete.

- 1) Illustrasjon av nytt SV-bygg og studenthus. Til venstre på biletet ser ein Ellen og Aksel Lunds hus(EAL). Det nye bygget vil ligga på noverande parkeringsplass nord for EAL
- 2) Noverande kulturskule i Bjergsted. Bygget ligg om lag 200 m frå IMD, inne i Bjergstedparken.
- 3) Oljedirektoratet/Petroleumstilsynet. Det vert bygd ut i tida fram til 2012. Dei rødelege bygga er slik det er i dag, medan di blålege vert bygde til. Etter utbygging er OD i bygga til høgre, og PeTil i bygga til venstre, medan UiS har opsjon på den hesteskoforma fløya i midten
- 4) Oversikt over campus slik det er i reguleringsplanen idag, men med innteikna ny tilgangsveg i nord som er under produksjon.

### 3) Byggjeverksemd i regi av Studentsamskipnaden framover.

I Noreg er det samskipnadane som er aksla med ansvaret for utbygging av studentbustader. Fram til 1994 hadde Stavanger svært mange små høgskular og fokus var på å finna gode løysingar utan å knytte dei direkte til nokon høgskule. Med opprettinga av HiS, no UiS, har ein etter kvart funna det riktig å sjå på løysingar der denne store verksemda får bustadar på eller ved campus. Eit moment som har vore særleg medverkande her, er auken i

internasjonale studentar. Den har vore markant dei siste to åra, og planane legg opp til vidare auke fram mot 2020. Studentar utanfrå kan delast i tre grupper, utvekslingsstudentar, studentar utanfrå EU/EØS og studentar innanfrå EU/EØS. Dei to første gruppene er vi i praksis nøydd til å ha hybel til før dei kjem, elles kan dei ikkje koma. Den siste gruppa har vi og røynsle for har store vanskar med å finna hybel, noko som fører til at dei heller ikkje kjem. I praksis bør vi altså ha hybel til alle.

Samskipnaden har eit program på Ullandhaug som gjev 100 ekstra hyblar i kvart av åra 2010, 2011 og 2012/13 om det vert gjeve tilsegn nok frå staten. Her har kunnskapsministeren alt gjeve tilsagn om 59 nye hyblar på årets budsjett, og i tillegg stilt ytterlegare 150 i utsikt, med atterhald om godkjenning i Stortinget. Sidan dei i hovudsak er tiltenkte norske studentar, vert dette berre 100 internasjonale hyblar i tillegg, og dette er for lite for vår vekst. UiS har difor sjølv skaffa 40 hyblar i 2008 og 40 til i 2009, med utsikt til ytterlegare 20-30 i løpet av eitt år eller to. Dette er utaføre våre formaloppgåver, men likevel naudsynt. På noko lengre sikt vil vi arbeide for enno 4-500 hyblar på Ullandhaug, sørvest for UiS, primært i samvirke med Samskipnaden. Heller ikkje dette vil halda tritt med vår ønska utvikling på internasjonalisering, og vi vil koma attende til styret i høve til framlegg til løysingar.

## Vurdering.

### Overordna planverk.

Den vedlagde utviklingsplanen er leiinga sitt framlegg til korleis verksemda skal utvikla seg framover i høve til fysiske rammer. Planen syner berre kva som er mogleg og ynskjeleg ut frå endring i aktivitet og rammer. For alle faktiske byggje- eller leigeprosjekt må det gjerast einskildvedtak om oppstart. Me ser at sjølv prosjekt som vert akta å vera heilt naudsynte kan måtte utsetjast om ikkje økonomien betrar seg.

Planen vert difor lagd fram for styret til kommentar og drøfting, ikkje til vedtak, sidan dette er bakgrunnsmateriale for administrasjonen sitt arbeid med konkrete løysingar. I tillegg er det vårt dokument for å halda Universitetsfondet oppdatert om våre planar. Fondet har ein formalplass i dette arbeidet sidan reguleringsplanane føreset handsaming der.

### Byggjeverksemd fram til 2015.

Administrasjonen vil for kvart nytt prosjekt som skal realiserast leggja fram ein sak for styret, men det er viktig at styret har ein oversikt over kva prosjekt som er aktuelle, kva konsekvensar dei har, og kva bindingar dei har, om nokon.

- 1) SV-bygg og Studenthus, til saman om lag 4000 kvm. Dette er prosjekt styret har slutta seg til, og der bindande avtalar er gjort. Sjå vedlegg. Årleg husleigekostnad frå og med ferdigstilling sumaren 2011 vil vere om lag 10 MNOK. SV-bygget burde nok ha vore der alt i dag, ut frå trongen for kontor, slik at dette vil løysa akutte problem, men ikkje dei langsiktige.
- 2) Senter for Organelle-forskning i Måltidets hus, til saman om lag 2000 kvm. Dette er ei fagleg satsing grunna på, i hovudsak, ekstern finansiering. Brorparten av kostnadane vert dekte gjennom overhead. Her er avtalar gjort, og innflytting er sett til 010110.
- 3) Utviding i Bjergsted. Som del av realiseringa av Bjergsted-visjonen vert noverande kulturskule fristilt i 2012. Bygget er frå 60-talet og nedslitt. Men det ligg vegg i vegg med Institutt for musikk og dans, og inneheld 1300 kvm. Stavanger kommune har plikta seg til å overlata tomte med bygget til universitetet frå fristillingsdato. Den mest ideelle løysing hadde vore å riva bygget og setja opp eit nytt og tilpassa bygg, men det har ein kostnad på opp mot 150 MNOK, slik at det nok må vurderast som eit langsiktig mål. Det er ikkje planar om auka verksemd i IMD dei neste åra, men dei har det alt no trøngt, slik at det vil vere tenleg for oss å overta bygget og nytta det som det er, berre med ein del oppussing. Vi treng det og for å erstatta mellombels dansesalar som vi har fram til 2012. Men faktisk vil det vere tenleg for oss å overta bygget uansett, sidan dette er einaste utbyggingsarealet tilgjengeleg for oss i Bjergsted. Universitetsdirektøren vil koma att med framlegg om dette som einskildprosjekt seinare.
- 4) Utviding på museet. Arkeologisk museum har goda lokale på Våland, men dei er for knappe. Det er ikkje på langt nær nok areal til faste og mellombels utstillingar, og magasinkapasiteten er og sprengd. Det ligg ikkje noko fribord i dei sentrale løyvingane til museet, og UiS/AM fekk heller ikkje fast auke i ramma grunna innpassinga. Eit slikt byggjeprosjekt som her er skissert vil difor ikkje kunne realiserast av UiS innaføre eigne rammer. Heldigvis har Kunnskapsdepartementet gjeve melding om at dei ser trongen for dette prosjektet, og vil difor føra det opp på lista over Stortingsfinansierte prosjekt. Då får vi auka løyving for å dekkja dette. Planlegging i samvirke med KD og SB er i gong, og ferdigstilling vil vonleg koma innan planperioden sitt utlaup i 2015.

- 5) Utviding av Oljedirektoratet sitt bygg. Søraust for Kjell Arholms hus ligg eit stort bygg som husar Oljedirektoratet og Petroleumstilsynet. Eigar av bygget, ENTRA, er i ferd med å byggja på for å leggja betre til rette for desse to. Når den utbygginga er ferdig, har bygget 7500 kvm som står ledig, i hovudsak kontor og møterom, men og med tilgong til undervisningsrom og auditorium og felles kantine. Leigeprisen for dette arealet er monaleg lågare enn om me skulle setja i gong med nybygg her oppe. ENTRA har plikta seg til å leiga dette arealet ut til oss frå fristillingsdato, mest truleg 010113. Dette er eit godt tilbod til oss, og vi bør absolutt seia ja til det. Så mange kvadratmeter til ein relativt rimeleg leige, i gangavstand frå UiS og IRIS, vert ikkje ofte bydd fram. Det er berre ei hake ved dette, og det er UiS sin totaløkonomi. Det må difor gjerast ei nøye vurdering om vi kan makta dette innføre ramma vår. Vi kjem attende til saken.
- 6) Utbygging av Hulda Garborgs hus. Det ligg føre ein plan for å byggja ut HG-huset med 1500 kvm. Her er alt på plass, med forprosjekt og kommunal aksept, men bygginga har vorte utsett sidan HF sin vekst ikkje har vore i samsvar med planane frå 2005. Etter kvart vil vel trongen melda seg her med, og då vil dette vere eit godt prosjekt. Men om ein må setja dette opp mot OD-leige, bør nok dette stå på vent noko lengre.
- 7) Laboratorium for TN. Etter ein lang prosess har TN prioritert laboratorieutbygging, med første steg nytt betonglaboratorium for grovare testar, med mykje bråk og støv. I området rett nord for Kjølvs Egeland's hus er det rom for 6000 kvadratmeter laboratoriebygg, planlagd i seksjonar på 1500 kvm. Vi detaljplanlegger i desse dagar dei første 1500 kvm, med tanke på å ha konkrete teikningar og kostnadsalkylar. TN må i arbeidet med å utvida laboratoriekapasiteten i første runde sjå kva som kan gjerast inne i KE-huset, og her er det mykje arbeid att. Men i perioden 2010-2020 må nok ein del byggjast utføre med. Her har me og ein dialog med departementet, som har akseptert at det kan vere argument for at dei tek noko av kostnaden her.
- 8) Fleire hyblar til internasjonale studentar. For å auka takten i internasjonaliseringa må UiS sjå på utradisjonelle løysingar ut over Studentsamskipnaden. Vi vurderer å byggja om eksisterande bygg i nærleiken, og å setja opp fleire bustadriggar, Kostnad her er avhengig av om vi nyttar nye eller brukte riggar, og av kva standard vi set. Summane vert ikkje avskrekkingande store, sidan vi legg opp til at mykje av kostnaden vert dekt av studentane gjennom leige. Leiinga ved UiS meiner dette kan vere gode løysingar, og vil realisere dette når rammene tillet det.
- 9) Nord for oss ligg Den økologiske garden og Jernaldergarden. På begge desse er det planar om mindre bygg, der UiS vert forventa å ta del i prosjekta. Dette vil styret måtte ta standpunkt til når prosjekta er kostnadsrekna og tidfesta.

### Byggjeverksemd i tida 2015-2020

I perioden 15 til 20 står det eitt stort prosjekt på planen, og det er eitt bygg på om lag 10.000 kvm mellom Kjell Arholms hus og OD. Dette naudsynt om me held måla våre om vekst. I motsett fall kan det skuvast ut til seinare. I den grad me ikkje har fått på plass planlagde bygg i førre periode, må dei og takast att her.

Eit slikt bygg vil, ved sidan av å gje naudsynt nytt areal, og kunne betra den totale infrastrukturen på Ullandhaug, gjennom ei samling av all verksemd knytt til SV-fakultetet og slik frigje areal til eit læringssenter sentralt på campus.

### Økonomiske vurderingar.

Universitetet i Stavanger har ein stram økonomi, og areal er kostsamt. Vi har difor vore svært varsame med å utvida arealet. dei siste åra har vi effektivisert arealbruk gjennom å pressa meir aktivitet inn utan å auke plassen. Men dette går ikkje i lengda. Vert det fleire tilsette, må vi ha fleire kontor. Skal vi ta opp fleire ingeniørstudentar, må vi ha større laboratorium, og skal vi ha fleire økonomistudentar, må vi ha større auditorium. Likeeins må vi ha betre arbeidsrom for høgregradsstudentar. Det er sjølvsgd råd å pressa enno meir, men det har ein del uheldige effektar. Manglande arbeidsplassar, fulle lab'ar og ulaglege timeplanar med mykje sein undervisning tyder dårleg studiekvalitet, med frustrerte lærarar og studentar som fort ser at det er betre andre stader. Og vi hemmer forskinga.

Difor har vi lagt opp til ein vekst her, på tross av at det på kort sikt gjev strammare vilkår for fagleg verksemd. Men utan rimeleg infrastruktur kan vi tapa både i kampen om dei gode fagfolka og dei gode studentane. Ein må difor sjå det som investering i framtida.

Om vi skal ha råd til dette, krev det auka inntekter og god økonomistyring. Ser vi attover til 2003, er årleg auke i tilgjengeleg ramme om lag 10% i året. Som eit grunnlag for vurdering kan vi gå ut frå noko lågare auke framover, til dømes 9% årleg vekst. Held vi dette opp mot den auke vi trur vi får i husleige om vi realiserer det som er vedteke, pluss Bjergsted og OD og 1500 kvm lab.bygg innan 2015, ser det slik ut (med alle summar oppgjeve i millionar):

ÅR	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Disp ramme	629	664	728	763	827	922	1000	1090	1199	1318	1450	1595	1755
Husleige	75	78	86	103	113	118	123	132	140	160	172	176	183
Husleige som del av ramme	11,9%	11,8%	11,7%	14%	13,7%	12,8%	12,3%	12,1%	11,6	12,1	11,8	11%	10,4
inventar								5	10	30	30		15

Som vi ser går prosentdelen til husleige jamt nedover under denne føresetnaden. Sjølv om føreset vekst på 7%, vil prosentdelen til husleige i 2015 ikkje vere større enn i 2009.

I dette reknestykket er det ikkje inkludert nytt bygg på museet, fordi dette er føresett fullfinansiert av Stortinget, i samråd med departementet.

Det heller ikkje inkludert noko på studentbustader, sjølv om vi reknar med noko kostnad der med. Grunnen til det er at tidsrammer og faktisk kostnad er uviss, og må takast som einskildprosjekt i tillegg. Det vil ikkje i noko fall verte store summar, sidan det skal delfinansierast gjennom studentbetaling.

### Risikovurdering.

Her er to slag risiko, både i høve til verksemd og kvalitet på eine sida, og i høve til økonomi på andre sida.

Når det gjeld verksemd og kvalitet er dette arealet naudsynt i høve til strategien sine mål. Alt i dag er vi i kraftig skort på areal. Å lata vere å byggja ut gjev altså dårlegare arbeidsvilkår og stress i organisasjonen, i tillegg til at kvaliteten fell. Det gjev vidare dårlegare omdømme, og dårlegare tilfang på studentar og høgkvalifisert personale. Når det gjeld økonomi, er det slik at vi førebels ikkje har plikta oss på alt dette, og det går an å revurdere i høve til kva trong vi faktisk har. Når det gjeld OD-bygget vil det og vere godt høve til framleige, sidan areala er generelle, skulle veksten verte mindre enn venta.

Mål : Byggjeverksemd fram til 2011, inngåtte pliktingar

Kritiske suksessfaktorar:

- A: Finansiering
- B: Studentvekst
- C: Tilsette
- D: Forskingsaktivitet
- E: Internasjonalisering

Risiki

- A1: Statleg finansiering vert ikkje styrkt (HUSLEIGE)
- A2: BOA inntekter vert mindre (INFRASTRUKTUR)
- B: UiS sin popularitet som studiestad vert mindre.
- C: Trong for kontorareal
- D: Laboratorieareal
- E: Mindre mobilitet

Vurdering av risiko- sannsyn og konsekvens.

Sannsyn	Svært stor					
	Stor			C	D	
	Moderat				A1	
	Liten		E		A2, B	
	Svært liten					
		Ubetydeleg	Låg	Moderat	Alvorleg	Svært alvorleg
Konsekvens						
		Låg	Moderat	Høg	Kritisk	

Mål : Byggjeverksemd i tidbolken 2012 - 2020

Kritiske suksessfaktorar:

- A: Finansiering
- B: Studentvekst
- C: Tilsette
- D: Forskingsaktivitet
- E: Internasjonalisering

Risiki

- A1: Statleg finansiering vert mindre
- A2: BOA inntekter vert mindre
- B: UiS popularitet som studiestad vert mindre.
- C: Trong for kontorareal
- D: Laboratorieareal
- E: Mindre mobilitet

Vurdering av risiko- sannsyn og konsekvens.

Sannsyn	Svært stor					
	Stor					
	Moderat	A1	E			
	Liten	A2	B, C	D		
	Svært liten					
		Ubetydeleg	Låg	Moderat	Alvorleg	Svært alvorleg
Konsekvens						
	Lav	Moderat	Høy	Kritisk		

### Samla vurdering og tiltak

Som ein kan sjå av vurderingane vil allereie vedtekne prosjekt vere med på å halda økonomien stram frå hausten 2011, men då vil vonleg totaløkonomien vere betre om omstillingsprosessane våre lukkast. Etter 2011 er det førebels liten risiko, sidan vi ikkje har pliktingar, men kan vurderer kvar enkelt prosjekt.

Pr i dag er dette ut frå direktøren sitt syn handterbart, og bør leggast opp som plan, men realiserast i det tempo vi treng det.

## Oppsummering.

Universitetsdirektøren meiner det er naudsynt for ei stor og ekspansiv verksemd å ha planar for framtida som tek høgd for ulike moglege utviklingar. Når det gjeld bygg, er planane i samsvar med strategiar, reguleringsplanar og uttalt trong.

Universitetsdirektøren vil halde styret orientert om kva som etter hans syn er naudsynt, og legge fram som vedtakssaker, anten separat, eller som del av budsjettarbeidet, vidare pliktingar når det gjeld bygg.

## Framlegg til vedtak

- 1) Styret tek til etterretning den reviderte utviklingsplanen for universitetet.
- 2) Styret sluttar seg til planane for arealutvikling fram til 2015, men vil ha einskildsakene lagt fram for styret etter kvart.

Stavanger, 9. september 2009

Per Ramvi  
universitetsdirektør

John B. Møst  
ressursdirektør

## Vedlegg:

- 4 illustrasjonar av relevante bygg/område
- Utkast til Revidert utviklingsplan (eige hefte)